

Læreplan for

# Musikkleik



*Likar du å syngje, danse, leike og bevege deg til musikk? I musikkleik får du gjere alt dette i samspel med jamnaldrande born under leing av en musikkpedagog. Hovudelementa i timane er song, musikk, dans, røyrslø og teikning. Musikkleik gir ferdigheter som er eit godt fundament i seinare instrumentalopplæring på kulturskulen.*

### 1. Om Kvinnherad kulturskule

Kvinnherad kulturskule er eit offentleg eigd og drive tilbod til barn og unge i Kvinnherad kommune. Målgruppe er born i barnehage, elevar i grunnskule og vidaregåande skule, born og vaksne med spesielle behov og det lokale musikklivet i kommunen. Føremålet med opplæringa er å læra, oppleva, skapa og formidla kulturelle og kunstnariske uttrykk. Kulturskulen har også til oppgåve å kvalifisera elevar med særleg interesse og motivasjon til opptak i høgare kunstfagleg utdanning. Opplæringa skal bidra til barn og unge si meistring og danning, fremme respekt for andre kulturar, bevisstgjera eigen identitet, verta kritisk reflekterande og utvikla eigen livskompetanse. Kvinnherad kulturskule er forankra i opplæringslova § 13-6 som vart vedteke i Stortinget 5. juni 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknytning til skuleverket og kulturlivet elles».

Kvinnherad kulturskule er eit ressurs- og kompetansesenter for kultur- og kunstfag i Kvinnherad kommune. Kulturskulen tilbyr opplæring, oppleving og formidling innan fagområda kunst, dans, musikk og teater. Tilbod og omfanget av undervisninga fastsettes av den økonomiske ramma til kulturskulen som kommunen løyver. Både drift og undervisning i Kvinnherad kulturskule tek

utgangspunkt i Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) som ble vedtatt av kommunestyret 15.12.16.

### **Kontaktinformasjon:**

Kontaktpersonar: Kirill Zimin (rektor/einingsleier)

E-post: kirill.zimin@kvinnherad.kommune.no

Telefon: 53 48 34 31

Post- og besøksadresse: Sentrumsvegen 35, 5460 – HUSNES

Heimeside: [www.kulturskolen.kvinnherad.no](http://www.kulturskolen.kvinnherad.no)

## **2. Om den lokale læreplanen**

Lokal læreplan er eit dokument som definerer gapet mellom Rammeplan for kulturskolen «*Mangfald og fordjuping*» (Norsk kulturskuleråd 2015-2016) og lokal praksis i Kvinnherad kulturskule. Læreplanen gjev rammer for innhaldet i opplæringa i det enkelte faget, skildrar føremålet med faget, samt sikrar eit langsiktig innretta tilbod av høg fagleg og pedagogisk kvalitet i kulturskolen. Læreplanen inneheld m.a. krav til den kompetansen eleven skal tileigna seg i faget. Kompetansemålene uttrykkjer kva eleven skal kunna på ulike nivå og 3 ulike program: *breiddeprogram, kjerneprogram og fordjupingsprogram*. Læreplanen viser òg ei lokal verdiplattform og vert felt overordna satsingsområde for Kvinnherad kulturskule. Målgruppe er lærarar, politisk og administrativ leiing i kommunen, og dessutan elevar og foreldre som kan bruka den lokale læreplanen for å sjå kva dei kan forventast at eigne barn skal læra på kulturskolen og kva for kompetanse dei får i opplæringa.

## **3. Målgruppe / Alder / Inndeling**

Musikkleik er eit tilbod for born som går siste år i barnehage, og første år i grunnskule.

Aldersgruppa er som hovudregel 5-6 år.

## **4. Instrument / utstyr**

Elevane får låne dei nødvendige instrumenta på kvar time på kulturskolen. Desse instrumenta kan ikkje tas med heim til eleven.

## **5. Organisering av undervisninga**

Undervisninga er organisert som ein 45 minutters time i gruppe ein gong i veka.

## **6. Konsertar og samspel**

Elevane får jamleg trening i samspel på timane i musikkleik gjennom skuleåret. Det vil bli arrangert ein liten konsert for foreldre og føresette i løpet av eller på slutten av skuleåret, der elevane får vise fram kva dei har lært på timane. Denne framsyninga gjerer gjerne på slutten av ein vanleg undervisningstime, som ein del av den ordinære undervisninga på undervisningsrommet. På denne måten ynskjer me å skape ei trygg og god ramme for framføring for elevane.

## **7. Eigenøving**

Det kreves ingen eigenøving heime i musikkleik.

## **8. Evaluering**

Det vil bli gitt jamnlege tilbakemeldingar muntlig til elevane på timane. Ein gong i året vil det også bli gitt ei skriftlig gruppevurdering.

## **9. Mål for undervisninga på breddeprogram, organisering**

Målet med musikkleik er at borna skal møte dei grunnleggjande elementa i musikk og musikkundervisning. Borna får utvikle grunnleggjande ferdigheter gjennom song, musikk, dans, røyrslé og teikning. I opplæringa nyttas ofte rytmeinstrumenter som for eksempel rytmepinnar, treblokk, trommer, triangel, bjeller, maracas, cymbal og xylofon. Borna får også lære songleikar og dansar, me synger kjende barnesongar og nyttar instrumenta i rytmeopplæringa. På timane arbeider me gjerne med rytme, melodi, tempo, dynamikk og form. Me trener mellom anna også på å høyre ulike rytmar og kjenne igjen ulike instrumenter, og me jobbar med å utvikle kreativitet gjennom historiefortelling, eventyr og teikning.

- Trening i grov- og finmotorikk
- Trening i øye-hand koordinasjon
- Stimulerer språkutvikling og lytteevne
- Stimulerer samarbeidsevnen
- Styrker selvfølelsen gjennom samspel og leik på timane

## **10. Forventningar og krav til elevar**

Elevane må kome presis og møte til avtalt tid for time. Det er viktig å gi beskjed på førehand til faglærer dersom eleven ikkje kan komme, slik at undervisninga kan bli tilrettelagd for resten av gruppa. Nokon elevar kan vere avhengige av at foreldre eller føresette er med på timane, og då er det ein viktig føresetnad at desse er med.